

UT I NATUREN

- landskjent tre frå Meisingset

Av Helge Husby



Mortreet til utallige eksemplar av snøballtre rundt om i Tingvoll, står den dag i dag ved den gamle røykjestua i Negarden på Rotås. Kvar dette kjem frå, veit kanskje ingen i dag.

«SNØBALLTREET»

«Ut i naturen» er meint å terge lysta til å lære og finne ut meir om kva vi finn i naturen rundt oss i Tingvoll.

I år tek eg for meg det som somme kallar «tingvolltre» eller «tingvollbusk». Dette er ein variant, eller klon av *snøballkrossved*, og som er funnen på garden Rotås i Tingvoll. Prydbusken er ofte kalla berre *snøballtre*. Eg har ikkje greidd å finne dokumentasjon på kvar den opprinnelege busken er funnen. I skriftlege kjelder finn eg at klonen er funnen i viltveksande bestand ved Sunndalsfjorden. Johannes Røsdal (1914-2010) meinte han hadde høyrte at planta vart funne på ein av dei mange husmannsplassane ned mot sjøen på Rotås. Eg har så langt ikkje funne kjelder som kan bekrefte dette i dag.